



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2019 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 919 196 068
Organisasjonsform: Forening/lag/innretning
Foretaksnavn: MÅLLAGET I LO-ADMINISTRASJONEN
Forretningsadresse: Torggata 12
0181 OSLO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2019 - 31.12.2019

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Mållaget i LO-administrasjonen
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 18.02.2020

Grunnlag for avgivelse

År 2019: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2018: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2019

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 19.11.2020



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
ingen		0	
medlemsinntekter		2 400	
renter		30	
Sum inntekter		2 430	
Driftsresultat		2 430	
Netto finans			
Ordinært resultat før skattekostnad		2 430	0
Ordinært resultat etter skattekostnad		2 430	0
Årsresultat		2 430	0



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Sum anleggsmiddel		0	0
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum omløpsmiddel		0	0
SUM EIGEDELAR		0	0
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Sum eigenkapital		0	0
Sum langsiktig gjeld		0	0
Sum gjeld		0	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		0	0



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2019 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2020 967226

Enheten

Organisasjonsnummer: 919 196 068
Organisasjonsform: Forening/lag/innretning
Foretaksnavn: MÅLLAGET I LO-ADMINISTRASJONEN
Forretningsadresse: Torggata 12
0181 OSLO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2019 - 31.12.2019

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Mållaget i LO-administrasjonen
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 18.02.2020

Grunnlag for avgivelse

År 2019: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2018: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2019.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 12.11.2020

Brønnøysundregistrene

Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund
Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Administrasjonen 75 00 75 09 Telefaks 75 00 75 05
E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no
Organisasjonsnummer: 974 760 673



Organisasjonsnr: 919 196 068
MÅLLAGET I LO-ADMINISTRASJONEN

RESULTATREGNSKAP

<u>Beløp i: NOK</u>	<u>Note</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
ingen		0	
medlemsinntekter		2 400	
renter		30	
Sum inntekter		2 430	
Driftsresultat		2 430	
Netto finans			
Ordinært resultat før skattekostnad		2 430	0
Ordinært resultat etter skattekostnad		2 430	0
Årsresultat		2 430	0



Organisasjonsnr: 919 196 068
MÅLLAGET I LO-ADMINISTRASJONEN

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Sum anleggsmiddel		0	0
Omløpemiddel			
Varer			
Sum omløpemiddel		0	0
SUM EIGEDELAR		0	0
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Sum eigenkapital		0	0
Sum langsiktig gjeld		0	0
Sum gjeld		0	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		0	0



Organisasjonnr: 919 196 068
MÅLLAGET I LO-ADMINISTRASJONEN

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

Rekneskapsprinsipp

Årsregnskapet er satt opp etter regnskapsloven. Regnskapsreglene for små foretak er fulgt.

Note

Ytingar til leiande personer

Er det gitt ytingar til leiande person: Nei

Ytingar til dagleg leiar

<u>Ytingar</u>	<u>Lønn</u>	<u>Pensj.plikt</u>	<u>Andre godtgj.</u>
----------------	-------------	--------------------	----------------------

Note

Antall årsverk i regnskapsåret

Verksemda har hatt følgjende tal på årsverk:
0.00

Note

Lån og sikkerheitsstilling til leiande personar

Er det gitt lån eller sikkerheitsstilling til leiande personar: Nei



**Innkalling til årsmøte i mållaget i LO-administrasjonen
18. februar 2020 kl. 15.00 på møterom Arena i Folkets Hus.**

Saksliste med innstilling:

Sak 1. Opning og konstituering.

- Val av ordstyrar, skrivar og to protokollvitner

Sak 2. Årsmelding 2018.

- Sjå vedlagt framlegg frå styret i MILO

Sak 3. Økonomi.

- Rekneskap for 2018
- Rekneskapsettersyn
- Budsjett 2019

Sak 4. Årsplan for 2019

Sak 5. Val av utsending og observatør til landsmøte i Noregs Mållag

Sak 6. Fråsegn til nytt prinsippprogram i Noregs Mållag

Sak 7. Val



Sak 1. Opning og konstituering.

Val av ordstyrar, skrivar og to protokollvitner

Framlegg til vedtak:

Ordstyrar: Nils Petter Støyva

Skrivar: Grethe Eng Hagen

Sak 2. Årsmelding.

Mållaget i LO-administrasjonen, MILO - årsmelding for 2019

Årsmøtet i 2019 valde slikt styre:

Leiar:	Nils Petter Støyva (1 år)
Nestleiar:	Anne-Beth Skrede (2 år)
Skrivar:	Grethe Eng Hagen (ikkje på val)
Kassestyrar:	Arvid Ellingsen (2 år)
Styremedlem:	Norvald Mo (ikkje på val)

Vara medlemmer:	1. Øyvind Rongevær (1 år)
	2. Anja Kildal Gabrielsen (1 år)
	3. Are Tomasgard (1 år)

Ettersynskvinne for rekneskapan:	Mie Opjordsmoen	vald for 2 år
-------------------------------------	-----------------	---------------

Laget har 24 medlemmar. Dette er 7 færre enn i 2018.

Møter:

Det er gjennomført fire styremøte, og eit styremøte/styreseminar over to dagar på Sørmarka kurs- og konferansesenter. Det er handsama 35 saker i 2019.

På styremøta har vi handsama saker som handlingsplan, årshjul, årsmøte, landsmøte i Norges Mållag, medlemsmøte, avtale mellom LO og MILO, malar på nynorsk i websak og valmateriell på nynorsk.

Etter årsmøte 28.02 arrangerte MILO medlemsmøte. Tema for medlemsmøte var "Arbeidsgivars språkpolitikk – oppfølging av kongressvedtaka". Astrid Driva Rødsand innleia frå AAF mens Magne Svensen innleia frå informasjons- og rådgjevingsavdelinga. Deretter vart det ein god diskusjon og meningsutveksling om temaet.

22.10 inviterte MILO til nytt medlemsmøte på Folkets hus i Oslo. Tidlegare leiar av språkrådet, Sylfest Lomheim, innleia til diskusjon om språket vårt. Lomheim sette fokus på



rettskriving og praktisk bruk av språket vårt ved skriftleg framstilling. Det var stort engasjement og gode diskusjonar under møtet. 20 personar var påmelde til arrangementet. Av dei påmelde deltok 16 personar.

Styreseminaret som vi skulle gjennomføre hausten 2019, vart utsett til 10.01.2020. På styreseminaret behandla styret følgjande tema:

- Aktuelle publikasjonar og arrangement i LO som bør vere på både bokmål og nynorsk. Korleis kan MILO samarbeide med leiinga i LO om dette?
- Korleis arbeide for å betre språket (nynorsk og bokmål) i LO. Planar til LO for gjennomføring av skrivekurs
- Korleis ein kan involvere ulike forbund i oppfølging av kongressvedtaka som gjeld nynorsk og språk?
- Utkast til nytt prinsippprogram for Noregs Mållag.

Leiarane for organisasjonsavdelinga, informasjons- og rådgjevingssavdelinga, administrasjonsavdelinga og HK-klubben var inviterte til styreseminaret, men ingen kunne diverre ikkje delta.

Saker:

Dette har vore det tredje driftsåret for LO administrasjonen sitt mållag. LO-kongressen gjorde i 2017 vedtak om å arbeide vidare for språkjamstilling, og at ein større del av dei skriftlege framstillingane frå LO og forbunda skal vere på nynorsk. Det forpliktar administrasjonen til LO. I etterkant er handlingsprogrammet og fråsegnene frå LO-kongressen publisert på nynorsk.

Styret og medlemmane sitt målpolitiske arbeid har i hovudsak handla om korleis LO-kongressen sitt vedtak kan følgjast opp. Det er etablert godt samarbeid med Informasjons- og rådgjevingssavdelinga som har ansvar for å følgje opp vedtaket med konkrete tiltak. Styret har sendt fleire skriftleg innspel om at det bør utviklast eit språkpolitisk dokument for LO, og at dei tilsette bør inviterast med i arbeidet med å utvikle skrivekurs, ordlister og andre relevante tiltak. Styreleiaren har følgd opp dette med fleire møte og grundige diskusjonar med personal- og informasjonssjefen.

Hausten 2019 vart det inngått ei formell avtale mellom LO og MILO. Gjennom denne avtalen er samarbeidet mellom LO og MILO formalisert.

Dette er ei god avtale for MILO og ein viktig «milepel» i arbeidet til laget. Avtalen sikar at laget kan arbeide langsiktig for å følgje opp Kongressvedtaka om språkleg jamstilling på ein best mogeleg måte.

Leiaren har vore i kontakt med og hatt møte med høgskulen på Vestlandet om språkopplæring i LO. Dette etter ønske frå leiaren i informasjons- og rådgjevingssavdelinga. I slutten av oktober kom dosent Jan Olav Fretland frå høgskulen på Vestlandet med tilbod om:

- Kurs i språk og dokumentlære
- Kurs i rett og god nynorsk



Tilbudet og kursopplegget frå høgskulen vart handsama i styret og vidaresendt til leiaren i informasjons- og rådgjevingsavdelinga. Dette er ei viktig sak som MILO må følgje opp i 2020.

For å følgje opp medlemmane i MILO på ein best mogeleg måte, er det laga eit register der e-postadressene til alle medlemmane er samla. På denne måten kan vi nå medlemmane med

styrereferat, informasjonsmateriell og lagsendingar frå Noregs Mållag. I andre halvår har det blitt sendt ut informasjon om lag ein gong i månaden til alle medlemmane i MILO. Invitasjon til medlemsmøte og andre arrangement vart også sendt ut på denne måten. Medlemmane har gitt positiv tilbakemelding på informasjonen frå styret.

Styret i MILO bad om at valmateriell, annonsar og annan informasjon til valkampen i 2019 kom ut på begge målføre. Dette vart følgt opp av informasjonsavdelinga på ein god måte. Valkampbrosjyra «Eit vikt vegval» vart trykt opp og distribuert i 40.000 eksemplar på nynorsk. Opplaget kom fram etter førespurnad til forbunda og distriktskontora. I valkampen var det noko annonsering og informasjon på nynorsk. Men dette kunne vore betre.

I 2019 er det skrive fleire innlegg og kronikkar på nynorsk. Styreleiaren skriv all sakshandsaming og alle innlegg på nynorsk. Vi vil også trekke fram Are Tomasgard som sit i den valde leinga i LO. Gjennom året har han skrive fleire innlegg og artiklar på nynorsk.

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vart godkjend.

Sak 3. Økonomi.

Rekneskap 2019

Inntekter

Frå Noregs Mållag	<i>06.02.2019</i>	kr 2400,-
Renteinntekter		<u>kr 30,-</u>
Sum Inntekter		kr 2.430,-

Utgifter

Ingen bokførde utgifter		<u>kr 0,-</u>
Sum utgifter		kr 0,-

Resultat og overført til balanserekenskap		<u>kr 2.430,-</u>
--------------------------------------------------	--	-------------------



Balanserekneskap 2018

Eigenluter

Inngående balanse	kr 7.165,-
Overført frå 2019	<u>kr 2.430,-</u>
Sum eigenluter	kr 9.595,-

Gjeld og egenkapital

Eigenkapital	<u>kr 9.595,-</u>
Sum gjeld og egenkapital	kr 9.595,-

Rekneskapsettersynsrapport for 2019 vert teken til kunnskap

Budsjett: Styret innstiller på følgjande budsjett overfor årsmøtet:

Budsjett for MILO 2020

Budsjettpost	Sum
Styreseminar	kr 20 000
Styremøte/årsmøte	kr 3 000
Ope medlemsmøte	kr 15 000
Landsmøte Noregs Mållag	kr 15 000
Diverse kostnader	<u>kr 2 000</u>
SUM	kr 55 000

Framlegg til vedtak:

- Rekneskap og balanserekneskap for 2019 vert godkjende
- Rekneskapsettersynsrapport for 2019 vert teken til kunnskap (vert framlagt på møtet)
- Budsjett for 2020 vert godkjend

Sak 4 Årsplan for 2020.

Styret innstiller på følgjande årsplan overfor årsmøtet

Fire styremøte
Årsmøte februar
Landsmøte NM, på Sola, april
Styreseminar i september
Ope medlemsmøte til hausten

Framlegg til vedtak:

Årsplanen vert godkjend



Sak 5. Val av utsending og observatør til landsmøte i Noregs Mållag.

Styret har innstilt Nils Petter Støyva som utsending til landsmøte i Noregs Mållag med Norvald Mo som varautsending/observatør.

Framlegg til vedtak:

Nils Petter Støyva som utsending med Norvald Mo som varautsending/observatør.

Sak 6. Fråsegn til nytt prinsippprogram i Noregs Mållag.

Forslag til endringar/tillegg frå styret i MILO er merka med rødt.

Noregs Mållag:

Utkast til nytt prinsippprogram

(18.12.2019)

Framlegg frå nemnda, 18. desember 2019

Frist for endringsframlegg før styret innstiller til landsmøtet: 19. februar

Send kommentarar og endringsframlegg til framlegg@nm.no

Føremål

Noregs Mållag skal fremje nynorsk på alle område i det norske samfunnet, slik at nynorsk blir meir brukt i heile Noreg.

Grunnlag

Språk har ein kulturell eigenverdi som ikkje må gå tapt. Ivar Aasen bygde det nynorske skriftspråket på dei norske dialektane for å gje fleire tilgang til skriftkulturen og høve til å delta i folkestyre og samfunnsliv. Nynorsk er det daglege bruksspråket til ei stor gruppe innbyggjarar og den språklege og kulturelle arven for alle som bur i Noreg.

Reisinga av det nynorske skriftspråket har vore ein viktig lekk i den nasjonale og kulturelle frigjeringa og i demokratiseringa av det norske samfunnet. Nynorsk er stridd fram av ei brei folkerørsla, og jamstillingsvedtaket i 1885 og seinare reformer har gjeve nynorsk ein offisiell status som likeverdig nasjonalspråk. Dette må framleis vere det prinsipielle grunnlaget for norsk språkpolitikk.

Det er ei viktig internasjonal oppgåve å ta vare på dei mange historiske språka som er under press frå språk med fleire eller mektigare brukarar. Noregs Mållag ser arbeidet for nynorsk som del av ei brei internasjonal rørsle for å sikre og styrkje utsette språk.

Nynorsk skal vere eit samfunnsberande språk

Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet. Det er dei norske statsmaktene sitt ansvar å sikre og styrkje nynorsk som samfunnsberande og livskraftig språk. Det må skje gjennom ein aktiv språkstyrkingspolitikk for nynorsk, som kviler på at nynorsk er jamstilt med bokmål som nasjonalspråk.

Nynorsk må haldast ved like og styrkjast som fyrstespråk i dei områda av landet der nynorsk i dag er mykje i bruk. Vidare må staten sikre at det er like enkelt å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar i resten av landet. Fylke, kommunar, verksemder, organisasjonar og personar må ta sin del av ansvaret for å halde nynorsk i hevd i nynorskområda, og for å gjere det enklast mogleg å vere nynorskbrukar i bokmålsområda.

> Nynorskopplæringa i norsk skule skal gjere det mogleg for alle elevar å bli trygge nynorskbrukarar

Alle elevar i den norske grunnskulen har rett til opplæring på sitt eige språk gjennom heile skuleløpet. Opplæringa i nynorsk og bokmål i skulen skal vere like god. *Lærebøker må gjevast ut på same tid og til same pris på nynorsk som på bokmål.*



> Det er ein demokratisk rett å ha tilgang på informasjon og kunnskap på nynorsk

Engelsk får stadig større plass innanfor norsk akademia og næringsliv. Norsk (evt. nynorsk og bokmål, men eg heller no meir til at det skal stå norsk) skal vere det samfunnsberande språket i Noreg, også på desse områda. Det skal vera reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål i arbeidslivet. Alle skal kunna bruka den målforma (evt skriftforma eller språkforma) dei ønskjer i arbeidet sitt.

> Nynorskbrukarane skal ha tilgang til all språkteknologi på eige språk

Språkbrukarane må kunne ha høve til å kommunisere på sitt eige språk uansett type teknologi. Det gjeld både det skrivne og det talte språket. Nynorsk skal vera likestilt med bokmål i den digitale språkutviklinga.

> Det er ein demokratisk rett å kunne bruke sitt eige talemål

Noregs Mållag forsvarer dialektane og dialektbruken ~~mot press frå bokmål.~~ (ta bort)

> Noregs Mållag stør andre mindretals- og minoritetsspråkbrukarar sin kamp for språklege rettar

Noregs Mållag står solidarisk med andre språkorganisasjonar i kampen for språkmangfald i Noreg. Det gjeld særleg samisk, kvensk, romani, romanes og teiknspråk.

> Noregs Mållag er partipolitisk ubunde

Noregs Mållag kan ta stilling i einskildsaker og samarbeide med andre organisasjonar når det tener målsaka. Medlemene i Noregs Mållag legg prinsippprogrammet til grunn for arbeidet.

Framlegg til vedtak:

Tillegget/justeringane vert godkjend

Sak 7. Val.

Framlegget frå valnemnda vert lagt fram på årsmøte.



Are Tomassgard

30046829367

Norvald Mo

14055336335

Øyvind Row GøVÅR

30036237313

Grethe Engdager

25127747442

Nils P. Ståyva

28036232953

Ann-Beth Smøden

200767-31293

Apa Kildal Gabrielsen

04087436069





PROTOKOLL

ÅRSMØTE 2020

MÅLLAGET I LO-ADMINISTRASJONEN, MILO

Det vart halde årsmøte i Mållaget i LO-administrasjonen, MILO, den 18. februar 2020 kl. 15:00-15:45 i møterom Arena i Folkets Hus.

Det var 8 røysteføre medlemmar til stades.

Sak 1. Opning og konstituering.

MILO-leiar Nils Petter Støyva ønska velkomen og opna møtet.

Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

Konstituering: Nils Petter Støyva vart vald til ordstyrar. Grethe Eng Hagen vart vald til skrivar. Jakob Tveit og Anne-Beth Skrede vart valde til protokollvitne.

Sak 2. Årsmelding 2019

Nils Petter Støyva la fram årsmeldinga.

Vedtak:

Årsmeldinga vart godkjend.

Sak 3. Økonomi

- A) Rekneskap for 2019
- B) Rekneskapsettersyn
- C) Budsjett for 2020

Vedtak:

- A) Den framlagde rekneskapen for 2019 godkjennast

- B) Årsmøtet tek til vitande at ettersyn ikkje har vore mogleg på grunn av sjukdom, men meiner rekneskapen er så oversiktleg at ettersyn strengt teke ikkje må til.
- C) Budsjett for 2020 vart godkjend, med tillegg om inntekter frå rammeavtala med LO på kr 55 000 og andre inntekter (medlemskontingent) på kr 2400.

Sak 4. Årsplan for 2020.

- Fire styremøte
- Årsmøte februar
- Landsmøte Noregs Mållag, på Sola, april
- Styreseminar i september
- Ope medlemsmøte til hausten

Vedtak:

Årsplanen vart godkjend.

Sak 5. Val av utsending og observatør til landsmøte i Noregs Mållag**Vedtak:**

Nils Petter Støyva som utsending med Norvald Mo som varautsending/observatør.

Sak 6. Fråsegn til nytt prinsippprogram i Noregs Mållag**Vedtak:**

Framlegget til tillegg/justeringar vert godkjende med merknader framkomne i møtet.

Sak 7. Val

Valnemnda si innstilling til nytt styre vart framlagt.



Vedtak:

Slikt styre i MILO vart samrøystes vald;

Leiar: Nils Petter Støyva (1 år, attval)

Nestleiar: Anne-Beth Skrede (ikkje på val)

Skriverar: Grethe Eng Hagen (2 år, attval)

Kassestyrar: Arvid Ellingsen (ikkje på val)


Styremedlem: Øyvind Rongevær (2 år)

Varamedlemmer: 1) Norvald Mo (1 år)

2) Anja Kildal Gabrielsen (1 år)


3) Are Tomasgard (1 år)

Val av ettersynskvinne/mann for rekneskapen og valkomité må styret ta opp og velje på neste styremøte.



Jakob Tveit

Protokollvitne



Anne-Beth Skrede

protokollvitne